

Trimflokk frå 6 til 67 år

17.01.2015



Zumbadansarane er klare!

Aktivitetshelg for store og små.

Dette var overskrifta som vart nytta då turngruppa i idrottslaget gjorde helgas storarrangement kjent. Og når det så møter fram 85 deltakarar fordelt på 7 former for trim og mosjon og alderen varierar frå 6 til 67 år er det ikkje grunn til å klage på responsen, Tvert imot må det vere eit skikkeleg prov på at uskedelingane er eit sprekt og mosjonsvillig folkeferd.



Dei yngste hadde danseleik. Foran instruktør Camilla Nappen.

Zumba, bootcamp, danseleik, yoga, hiphop, crossmix og utetrening sto på programmet i går og i dag og i tillegg kom tapas-servering og foredrag, Heile pakka inklusive middag kunne kjøpast for 850

kroner.



Hip hop er stadig populært

Sentralt i arrangementet sto ein privat institusjon som heiter Albatross senter og held til i Sveio. Med ein stab på 8 driv han både med trening og spa og nøkkelpersonane Ingunn Vikse og Camilla Nappen leia det heile i Aktivitetshuset.



Lang, lang rekke....

Turngruppa gjorde også ein stor innsats og summen vart ei helg som bør kopierast frå tid til annan. Eit straumbrot på over ein time makta ikkje å øydeleggja opplegget og det gjorde heller ikkje vergudane. Det heile vart avvikla med liv og lyst og presisjon!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen